

**Biskop Erling J. Pettersen**

**Visitaforedrag ved visitas Nærbø,**

**Jæren prosti**

**8. – 13. mars 2016**

### **Innleiing**

Det har vore ei stor oppleving å vera på visitas i Nærbø denne veka. Det har vore inspirerende og lærerikt, og eg vil gje stor takk til kyrkjeverje, sokneprest, dei andre tilsette og sokneråd for stor innsats før og under denne veka.

Onsdag morgon gjekk vi på pilegrimsvandring frå Obrestad fyr via Håelva til Njærheimkrossen i vind og regn. Vi ba for bygda, for heim og familie, skular og barnehagar, for ordføraren og alle med politisk ansvar. Obrestad fyr har eit vakkert Stille rom, der prost em. Anne Sofie Haarr har skrivne desse orda i eit lite hefte med tittelen Pax et bonum, Fred og alt godt:

*TIL DEG, DU PILEGRIM!*

*Her finn du*

*ope dør til stille rom.*

*Gå berre inn,*

*her er du venta.*

*På gammal kyrkjebenk*

*du set deg ned.*

*Her finn du live,*

*kjenner fred.*

*Du pilegrim ved ope hav*

*på veg frå vogge til grav.*

*Kom inn!*

*Meisteren sa: Eg er døra.*

*Kom til meg med den tunge børa.*

*Eg gjev deg kvile.*

*Kom til meg med din takk for livet.*

*Kom med alt som i hjartet bur.*

*Gode Gud, sign «Stille rom».*

*Lat det få vera ein møteplass*

*der du finn oss*

*og vi finn deg.*

*I Jesu namn.*

*Amen*

Då eg las desse vakre orda, tenkte eg:

Nærbø kyrkje:

- Ope dør til stille rom
- Rom der du er venta
- Ein møteplass der Gud finn oss og vi finn Han

Eg har møtt ei kyrkje som held døra open. Kyrkja har ein naturleg plass i lokalsamfunnet, samstundes som ein vil jobba for å bryte ned usynlege barrierar, slik at fleire kan kjenna seg heime i kyrkja.

Eg har møtt ein kyrkjelyd med gode og dedikerte tilsette som de har grunn til å vere stolte av.

### **Møte med kommunen**

På eitt punkt skil denne visitasen seg frå andre visitasar. I mi tid som biskop har eg ikkje opplevd ein kommune som så strategisk bruker ein visitas til å fokusere på felles utfordringar. Eg vil rette ein varm takk til kommunen, ved ordfører Jonas Skrettingland og rådmann Anne Berit Berge Ims for det engasjement de har vist og for det arbeid de har lagt ned både før og under visitasen. Det at me fekk bruke så mykje tid saman, først på møtet med kommuneleiiga, deretter på Hå Mottakssenter og til slutt på Åpent hus på Motland skule, med fokus på frivillighet og flyktningearbeid, viser at visjonen for Hå kommune er meir enn berre ord. Hå kommune ønskjer verkeleg å løfte i lag, saman med kyrkjelyden og andre gode krefter i lokalsamfunnet, for å møte den utfordring og ressurs det er å ta imot asylsøklarar og flyktningar. Det er positivt å sjå korleis kommunen jobbar på tvers av helse, kultur og opplæring for å fremje integrering.

Ein varm takk og til Hå Mottakssenter, ved leiar Laila Bjorland Barrett, for måten de tok imot oss, med mat frå fem ulike land, med song og ikkje minst med eit varmt engasjement.

Når det gjeld integrering, bidreg både tilsette og frivillige i kyrkjelyden med stor innsats, til dømes gjennom KIA (Kristent Interkulturelt Arbeid) og UK (Ungkyrkja).

Kyrkjelyden og KIA arbeider tett saman. Jamleg er det besøk av frivillige på mottakssenteret. Det er og skyss til gudstenester, kor det er simultanoversetting. I tillegg er det opne samlingar, som språkkafé, nyttårsfest og leirar. Nærbø kyrkjelyd har gjort seg mange erfaringar i dette arbeidet, som de gjerne må dele med andre kyrkjelydar, nå når me som kyrkje blir utfordra, ved at dei fleste kommunane etter kvart kan få flyktningmottak.

Eg vil og peike på den opne barnehagen, Noahs Ark, som ein viktig arena for integrering. Eg oppmodar kommunen til målretta bruk av Noahs Ark i integrering av både barn og vaksne.

I møtet med kommunen vart det og løfta fram andre utfordringar som kyrkje og kommune må stå saman om i tida som kjem. Me må løfte i lag både når det gjeld å skape eit godt oppvekstmiljø for barn og unge og når det gjeld å ta vare på dei som fell utanfor, anten det gjeld i arbeidsliv eller i skulen.

Når det gjeld utfordringar i arbeidslivet, gjorde det inntrykk å møte Bjørn Risa, som både orienterte om verksemda og strekte under kor viktig det er å gje folk ein sjanse, anten det er ungdom som fell utanfor i skulen eller vaksne som slit med utfordringar av ulikt slag. Her gjorde det og inntrykk å høyre Bjørn Risa sin eigen historie.

Ei felles utfordring som har vore framme både i møte med kommune og med fellesråd, er utbygginga i Stokkelandsmarka og behovet for eit tenleg lokale for gudstenester og andre samlinger, både på kort og lang sikt. Dette er ei utfordring fellesråd og kommune vil jobbe saman om i tida som kjem.

### **Misjonale kyrkje**

Nærbø kyrkjelyd har ein flott visjon: «Levande tru, varme og fellesskap».

Dette er ein visjon som viser at kyrkjelyden ønskjer å være misjonale, at ein ønskjer å nå ut, med tru, varme og fellesskap. Nettopp dette perspektivet, at kyrkjelyden aldri skal ha nok med seg sjølv, men nå ut til stadig fleire, er sentralt i alt kyrkjelydsarbeid.

Eg har denne veka møtt ein kyrkjelyd som har eit klart medvit om sitt oppdrag, både lokalt og globalt. Nærbø kyrkjelyd vil at fleire, både døypte og ikkje-døypte, på Nærbø og ut over eigne grenser skal få eit nærare forhold til Jesus som frelsar og ven.

Lokalt handlar dette om å gjera gudstenesta og fellesskapet så ope og tilgjengeleg som mogleg for alle som kjem til kyrkja.

Men den lokale kyrkja må alltid har eit vidare utsyn, som del av den verdsvide kyrkja. Her er det eit levande engasjement både i kyrkja og på bedehuset. Nærbø kyrkjelyd støttar nå fleire misjonsprosjekt: Evangelisering på Madagaskar, Kyrkjeleg undervisning i Kina, og Israelmisjonen sitt prosjekt, Bridgebuilders. Her har misjonsutvalet ei viktig oppgåve med å sørge for at kyrkjelyden får oppdatert informasjon om misjonsprosjekta, slik at engasjementet vert halde vamt.

## Trusopplæring

Etter to år med omfattande arbeid fekk Nærbø kyrkjelyd i 2015 godkjent sin plan for trusopplæring, ein systematisk og samanhengende plan for opplæring av døypte i alderen 0 – 18 år. Trusopplæringsplanen viser at Nærbø er ein kyrkjelyd som vil mykje og som ønskjer å nå mange. Her er mykje liv og kreativitet, og det er ikkje tvil om at de *når* mange, gjennom eit mangfald av aktivitetar. Særleg når de mange gjennom:

- Babysang (69%)
- 4-åringene (82%)
- Tårnagent (57%)
- «24 Hours Festival» (80% av 10-12-åringene)

Kort sagt: Mange blir møtt og mange blir sett!

Trusopplæring er eit arbeid med store ringverknadar. La meg ta eit eksempel:

I 2015 fekk 86 fireåringar «Barnebibelen min» i Nærbø kyrkje. 86 fireåringar som løp heim med ei ny bok, leste den på sengekanten med foreldre. Kan hende fekk og ei lillesøster eller storebror høyre fortellingane, og kanskje måtte ein farfar eller en onkel som satt barnevakt lese frå boka før fireåringen kunne sove. Ringvirkningene er store!

I tillegg til dei punktuelle tiltaka, når kyrkjelyden også ei stor gruppe barn og unge gjennom det kontinuerlege barne- og ungdomsarbeidet og gjennom samarbeidet med skular og barnehagar. Nærbø kyrkjelyd har med andre ord ei unik kontaktflate ut mot dei menneskene de er sett til å tene.

I møte med soknerådet på tysdag vart det lagt vekt på at trusopplæring er heile kyrkjelyden sitt ansvar. Skal ein lukkast, er det avgjerande at trusopplæringa er forankra, ikkje berre i stab og sokneråd, men og elles i kyrkjelyden. I samtalen i soknerådet vart det uttrykt stor takkemd og glede over det store arbeidet som vert gjort, samstundes som ein var oppteken av at arbeidet over tid må vere berekraftig, både for dei tilsette og for alle dei frivillige som er med.

For at trusopplæringsarbeidet skal vere berekraftig over tid, må ein med andre ord løfte i lag! Her må tilsette, tillitsvalde og frivillige medarbeidarar stå saman.

Her kan alle bidra med sitt! Ver stolt av trusopplæringsarbeidet! Tal vel om det! Og bli med!

## **Barne- og ungdomsarbeid**

I tillegg til trusopplæringstiltaka har Nærbø kyrkjelyd eit breidt tilbod for både barn og unge. Sundagsskulen er blant dei største i landet. Mini-Mer for 5. – 7. klasse hadde bortimot 200 medlemmer i 2015. Dette er tal dei fleste kyrkjelydar berre kan drøyme om.

I førehandsmeldinga frå soknet vert ungdomsarbeidet trekt fram som ei særskilt utfordring, både når det gjeld bredde og dybde. Gjennom lågtereskeltilbodet Ungkyrkja (UK) ønskjer ein å nå endå breiare ut, samstundes som ein ønskjer å starte opp igjen med leiartrening, der ein kan gå i dybda. Dette er blant dei utfordringane den nye ungdomsveilederen, saman med frivillige medarbeidarar, ønskjer å ta tak i.

## **Frivillig medarbeidarskap**

Med så mykje godt arbeid er kyrkjelyden heilt avhengig av frivillige medarbeidarar. Takk til kvar og ein av dykk som i god jærsk dugnadsånd på ulikt vis tek del i arbeidet! Her løfter de i lag, både tenåringar og pensjonistar.

- I alt tek rundt 135 frivillige del med ulike oppgåver knytt til gudstenestene.
- 24-hour festivalen mobiliserer 150 frivillige som skaper eit minne for livet for dei 450 deltakarane.
- Det same kan seiast om Barnefestivalen som vert arrangert i samarbeid med sundagsskulane i Nærbø.

Dette er imponerande!

Eg vil her likevel peike på nokre utfordringar.

For det første: Skal ein halde oppe eit så stor arbeid, er det ei kontinuerleg utfordring å rekruttere nye frivillige, samstundes som en følgjer opp dei frivillige som er med.

For det andre er det heilt naudsynt å prioritera, å våga å spørja om ein skal leggja ned arbeid og ikkje berre starta nytt arbeid. I samtalen med det nye soknerådet var dette ei av utfordringane som vart trekt fram, både av tilsette og tillitsvalde.

## **Gudstenesteliv**

Gudstenestelivet i Nærbø ber preg av variasjon. For å fámne flest mogleg har ein lagt til rette for gudstenester med ulik stil og brei involvering, både av stab og frivillige.

- Familiegudstenester, der familiarbeidaren har med seg mange frivillige.
- Temagudstenester, som vert utarbeidd av eit eige utval.
- Mer-gudstenester, som frivillige har starta opp om sundagskveldane.

At gudstenesteoppslutninga i Nærbø i snitt er blant det største i landet, trur eg skuldast at ein har tatt dei tre kjerneverdiane for gudstenestereforma på alvor.

For det fyrste: Involvering

Her er menneske i alle generasjonar med og sett sitt preg på gudstenestene. Dette gjeld heile breidda av gudstenester, og ikkje minst dei gudstenestene som er knytt opp mot trusopplæringstiltak.

For det andre: Fleksibilitet

Her er det rom for eit mangfald av uttrykksformer, både når det gjeld munnleg formidling og song og musikk.

For det tredje: Stadeigengjering

Her tek ein den lokale konteksten på alvor og er open for å la gudstenestene bli prega av lokalsamfunnet, slik det til dømes skjer ved høsttakegudstenesta, der Bygdekvinnelaget tek aktivt del.

I samtalen med soknerådet var det eit gjennomgåande og sterkt medvit om å gjere gudstenestene så tilgjengelege som mogleg for alle, og for dei som ikkje er så van med å gå i kyrkja. Her vart det peikt på kor viktig det er at folk som kjem til kyrkja, blir sett. Dette gjeld ikkje berre i det dei kjem til kyrkja, men og på kyrkjekaffien etter gudstenesta. Når så mange kjem til gudsteneste, kan den enkelte lett forsvinna i mengda. Dette tenkjer eg er ei positiv utfordring til alle, anten ein har konkrete oppgåver i gudstenesta eller ikkje.

Ei utfordring i denne samanhengen, som det vert peikt på i førehandsmeldinga frå soknet, vil vera å vidareutvikla familiegudstenestene.

## Samarbeidet skule - kyrkje

Ei viktig side ved kyrkjelyden sin plass i lokalmiljøet, er samarbeidet med skulane. Det var inspirerende å ha eit eige møte onsdag der det blei sett fokus på dette samarbeidet.

Eg fekk bekrefta at det er eit sterk verdimeisig medvit blant skuleleiarane. Eg vil gjerne gje uttrykk for stor respekt for det viktige arbeidet som blir gjort.

Det er viktig at barn og unge får kjennskap til og vert trygge i forhold til den kristne kulturarven. Skulen er og ynskjer å vere ein viktig kulturberar.

Han er dessutan ein bærebjelke for å kunne navigera i det nye samfunnet, trygg i eigen identitet og open i den dialogen vi treng for å motverke rasisme og framandfrykt. Det er nødvendig med dialog for å forstå *den andre* ut frå den andre si tru og overtiding. Her står kyrkja saman med barnehage og skule i møte med det aukande mangfaldet som vi reknar med vil prege Nærbø i aukande grad.

I møtet blei det gitt uttrykk for eit ynskje om å arbeide saman med kyrkja for å møte dei felles utfordringane som det nye livssynsåpne samfunnet representerer. Lesing av bibelske tekster og samtale om tru, etikk og forskjellige åskodingar gjev innsikt i historia til kulturen vår, men også til vår eiga samtid.

Med over 30 nasjonalitetar representert i skulekvardagen, står kyrkjelyd og kommune framføre store felles utfordringar når det gjeld å møte eit stadig meir fleirkulturelt samfunn.

Frå kyrkja si side vil dialogsentret i Stavanger vere ein naturleg ressurs inn i kommunen – og kyrkja – sine felles satsingar for å leggje til rette for ein større aksept av mangfald, og samtidig etablere ein trygg basis for at vi kan fungere og høyre saman som storsamfunn, midt i mangfaldet.

Det er viktig at alle barn og unge får utvikle sin eigen trygge identitet. Skulen er den einaste institusjonen som kan gje *alle* kunnskap om religionar og livssyn og dermed fremje forståing, innleving og gjensidig respekt. Eg ynskjer på vegne av kyrkja å støtte skulen i dette viktige arbeidet. Det er viktig at den oppveksande slekta får hjelp til å byggje den naudsynte indre ballasta som skal til for å leve i eit samfunn som stadig er i endring.

I 2012 fekk paragraf 2 i grunnlova ny ordlyd: *Værdigrunnlaget forbliver vor kristne og humanistiske Arv. Denne Grundlov skal sikre Demokratiet, Retsstaten og Menneskerettighederne.*

Mitt syn er at denne setninga ikkje favoriserer nokon, men seier det som det er: Vi vedkjenner oss vår arv. Ei forteljing om det norske samfunnet som ikkje tar med vår kristne og humanistiske arv, er ei ufullstendig forteljing. Ved å stå inne for det som er vår tradisjon og våre åndelege røter kan vi møte

våre nye landsmenn med den respekt og toleranse som menneske, uavhengig av livssyn, fortener. Trygg identitet og open dialog er vegmerkene når det fleirkulturelle samfunnet skal byggast vidare.

Kyrkja sitt samarbeid med skulen skjer i dag på eit anna grunnlag enn tidlegare tider si kristendomsundervising, som faktisk var kyrkja si dåpsundervisning. I dag er kyrkjelydane samarbeidspartnarar som går inn i eit planmessig samarbeid, basert på at barnehage, skule og kyrkjelyd har eit felles ansvar som kulturbærarar, ut frå kristne og humanistiske verdiar. Den kristne tru og tradisjon utgjer ein djup straum i vår søge – ein arv som sameiner oss som folk på tvers av trusretningar.

Torsdag morgon fekk me ein god dialog med skuleleiinga på Tryggheim Skular. I tillegg til ei grundig orientering om skulen, ved rektor Gjermund Viste, fekk me drøfte dei utfordringar som ligg i ungdomskulturen og det felles engasjementet vi har for å ta vare på den kristne kulturen i det livssynsopne samfunnet. Eg sette stor pris både på orienteringa og på den gode samtalen.

## **Diakoni**

Diakoni er kyrkja si omsorgsteneste. Ho er evangeliet i handling og blir uttrykt gjennom nestekjærleik, inkluderande fellesskap, vern om skaparverket og kamp for rettferd. Diakonien er den delen av kyrkjelydsarbeidet som kanskje aller tydelegast handlar om truverdet til kyrkjelyden.

Eg har denne veka fått bekrefte at Nærbø kyrkjelyd gjennom besøksteneste, bøneteneste, arbeid blant eldre og menneske med ulike behov, og det førebyggjande arbeidet blant barn og unge, lever ut evangeliet i handling.

Vi må ta betre vare på kloden vår for å sikre framtidige generasjonar si velferd. Trua sitt svar er å mobilisere til vern om skaparverket og berekraftig forvaltning. Dette er også eit viktig diakonalt ansvar: Vern om skaparverket og kamp for rettferd. Her kan det bli spennande alliansar på tvers av generasjonar og på tvers av yrkesbakgrunnar. Eg vil utfordre kyrkjelyden til å ta «Grøn kyrkjelyd» inn i sin diakonale satsing, i samarbeid med aktuelle lokale krefter.

Også det lokale misjonsengasjementet er vel egna til å konkretisera solidaritetsarbeidet, ikkje minst i forhold til ungdom.

Eg vil og peika på *Samhandlingsreforma*, som blei innført over heile landet i 2012. Her ligg det til rette for eit konstruktivt samarbeid der vi finn gode møtepunkt mellom helsesektoren og kyrkja i lokalsamfunnet, slik at vi saman kan byggje eit godt samfunn for alle som treng hjelp og omsorg. Kyrkja har mykje å bidra med på fleire område som blir berørt av samhandlingsreforma:



- Menneske sin rett til eit åndeleg liv. Vi kan bidra med hjelp i møte med eksistensielle og åndelege behov («Sakkeus»!)
- Omsorg ved slutten av livet (palliasjon)
- Barn og unge sine oppvekstmiljø, førebyggjande arbeid
- Sorggrupper
- Kyrka si rolle i kriser og ved ulykker, beredskapsarbeidet i kommunen

I denne samanhengen er det viktig med god dialog med kommunen og å utarbeide gode rutinar for samarbeidet, slik at samhandling blir meir enn ord.

Frå vår side vil vi gjerne vere med på å støtte ei utvikling av samarbeidet helse-kyrkje med Samhandlingsreforma som felles plattform.

### **Inkluderande kyrkjeliv**

Nærbø kyrkjelyd ønskjer å vere ein inkluderande kyrkjelyd, der det er rom for alle.

Kyrkjelyden har derfor fleire tiltak for å inkludera menneske som av ulike årsaker treng tilpassing. Nokre av desse tiltaka er tilpassa aktuelle grupper, slik som til dømes «Sakkeus», eit månadleg gudstenestetilbod for mennesker med utviklingshemming, som eg fekk vera med på denne veka. Eg vil retta ei varm takk til Hårock for den song- og musikkgleda de viste i gudstenesta.

Andre tilbod for denne gruppa er påske- og julesamlingar på dagsenteret og månadlege samlingar for eldre som tidlegare budde på Nærlandsheimen.

Når deg gjeld barn og unge, er kyrkjelyden opptatt av å legge til rette for særskilde behov både i samband med trusopplæringstiltak og i konfirmasjonsundervisning. Her er det, som det vert pekt på i førehandsmeldinga, stadig rom for vidareutvikling, ikkje minst når det gjeld å leggje til rette for alle i kyrkjelyden sine ordinære samlingar.

I samband med denne visitasen har vi hatt eit særskilt fokus også på ei anna konkret utfordring når det gjeld inkludering og tilrettelegging, nemlig å leggje til rette for asysøkarar og flyktningar. Med det store flyktningemottaket på Nærland er dette ei særskilt utfordring for nettopp Nærbø kyrkjelyd. Det har, som eg allereide har nemnt, gjort inntrykk på meg å sjå korleis kommuenen og kyrkja står saman og ønskjer å løfte i lag.

Når det gjeld konkrete tiltak har kyrkjelyden eit tett og godt samarbeid med KIA Nærbø (Kristent Interkulturelt Arbeid), mellom anna om språkkafé, nyttårsfest og grillsekskap. Det tette samarbeidet kjem og til uttrykk ved at soknerådet støtter arbeidet økonomisk og er representert i KIA sitt lokale styre.

### **Kultur**

Nærbø er ei bygd med eit rikt kulturliv der kyrkja både er ein viktig aktør og ein viktig kulturarena. Med det nye kyrkjebygget og det fantastiske orgelet ligg forholda vel til rette både for å utvikla vidare det kyrkjemusikalske arbeidet og for å styrkje samarbeidet med det lokale kulturlivet.

Her vil eg oppmode soknerådet, i samarbeid med kantor og andre gode krefter, å starte arbeidet med å utvikle ein plan for kyrkjemusikk.

I samband med dette arbeidet vil det og vere naturleg å sjå nærare på korleis det lokale kulturliv kan integrerast i kyrkjelyden sin strategiske satsing. Her tenkjer eg til dømes på samarbeidet med Bygdekvinnelaget og Hå kulturskule.

Når kommunen ønskjer å arbeide på tvers i integreringsarbeidet, vil kultur vera eit av dei områda der kyrkja vil vere ein naturleg samarbeidspartnar. Eg vil her særleg peike på den tverrkulturelle kompetansen fleire medarbeidarar i staben og representantar for KIA har.

### **Gravplass**

Etter å ha vurdert fleire løysingar når det gjeld utviding av gravplass, har kommunen landa på å bruke det området som allereie ligg rett ved kyrkja. Målet er at dette arbeidet, som vert starta i år, skal ferdigstillast innan 2019. Utvidinga av kyrkjegarden må ta omsyn til at ein lever i eit mangfaldig og livsnyopent samfunn, med urnegraver, minnelund og felt med annan himmelretning på grava.

### **Kyrkjelydsutvikling og strategiarbeid**

Eg har denne veka møtt ein kyrkjelyd som vil mykje og som får til mykje, både når det gjeld arbeid blant barn, unge og vaksne. Dette er eit resultat av stor innsats over lang tid, både av frivillige og tilsette. Dette har de både grunn til å vera stolte av og takksame for!

I det å ha eit så stort arbeid ligg det samstundes ei utfordring, som det og vert peikt på i førehandsmeldinga, nemleg å ha ein samlande strategi- og handlingsplan for arbeidet. Her har det nye

soknerådet starta eit viktig arbeid der målet er å sjå dei ulike sektorane av arbeidet saman i ljøs av kyrkjelyden sin visjon. Målet med dette strategiarbeidet er ikkje å overstyra, men å leggje til rette for ei best mogleg bruk av dei ressursane ein har. For kyrkjelydsutvikling handlar nettopp om dette, å leggje til rette for at kyrkjelyden skal vera det den er tenkt å vera og til å gjera den den er tenkt å gjera.

I det vidare arbeidet med strategiarbeid er det viktig at både tillitsvalde, stab og frivillige vert involverte. Her vil og prost og avdelingseiar for kyrkjelydsutvikling gjerne bidra i prosessen.

### **Avslutning**

Gjennom språk, litteratur, musikk, biletkunst og byggjeskikk har trua vore både renning og innslag i vår kultur i over 1000 år.

Kyrkjebyggja står omslutta av kyrkjegardar som vitnar om ei trassig tru på at Gud som reiste Kristus opp frå døden ein dag skal skapa vår død om til liv.

Rommet og bygget er i seg sjølv eit teikn på ein verkelegdom som går ut over den tida og det rommet som menneskelivet er ramma inn av. På den heilage staden – som her i Nærbø kyrkje i dag – blir me tekne med til ein grensestad. Kyrkjebygget skal saman med dåpsvatn, vin og brød, og musikk, ord og rørsler (Taize/bønevandring) hjelpe menneske til å skimte himmelen over livet sitt og den større samanhengen som våre einskilde liv er ein del av.

Nærbø kyrkjelyd opnar dørene til trua sine store rom gjennom dåpssamtalar, sørgjesamtalar og gjennom dei heilage handlingane dåp og nattverd.

Det er dette Ole Paus set ord på når han seier:

*“Kirken er et sted hvor vi kan komme med våre største gleder og svarteste sorger. Dette sitter i rommet som et ekko og er den usynlige utsmykning av kirkerommet.”*

Under møtet med skulen peika eg på den positive openheita som me i dag finn i kulturlivet, særleg blant våre forfattarar som har prega den nye bibelomsetjinga 2011. Kunstnarar tek ofte pulsen på den kulturelle og andelege situasjonen i samfunnet betre enn nokon biskop eller sosiolog. Etter mitt syn er det me ser i dag, ei vending der menneske spør kva Gud betyr inn i mitt liv. Det spørsmålet møter eg i mitt arbeid som biskop ofte frå uventa hald, frå forfattarar og det allmenne kulturlivet.

For oss som kyrkje krev dette at vi vågar å leva i dialog, slik at evangeliet kan skapa tru, livsmot og glede.

Vi har denne veka møtt tilsette og frivillige medarbeidarar med eit misjonalt engasjement og med misjonal identitet, som veit at vi er sendt av den treeinige Gud for å dela evangeliet om Jesus Kristus i ord og handling

Her ligg det som ber mi bispeteneste. I dette arbeidet tenkjer eg at det er ein rikdom at vi er forskjellige. Det er ikkje det å vera einige i mange ting som blir kravd av oss. Det er einskapen i Kristus som ber oss. Vi høyrer til Kristus, vi er døypte inn i same kropp. Skal vi lukkast i å skapa opne og varme fellesskap, med låge tersklar inn i trua sine store rom, må vi bekrefte kvarandre med ei audmjuk og open haldning, og med vilje til forandring. Det er dialogen sin veg.

Og så utfordrast vi til å skapa fellesskap som er solidariske og som viser omsorg for kvart enkelt menneske. Vi blir utfordra til nærvere i kvardagen. Og sist, men ikkje minst: Vi blir utfordra til å dela evangeliet, å fortelja om det Jesus har gjort og stadig gjer for oss.

Guds gode velsigning over det arbeidet!

Når det gjeld utfordringar som er felles for kyrkjelyden, vil eg trekkje fram følgjande:

### **Strategiarbeid og kyrkelydsutvikling**

Vi vil oppmode soknerådet til å involvere både frivillige og tillitsvalde i det vidare arbeidet med å utvikle ein samlande strategi- og handlingsplan, der ein og arbeider bevisst med prioriteringar ut frå ressursituasjonen. Om soknerådet ynskjer det, vil prost og avdelingseiar for kyrkelydsutvikling kunne vere ressurspersonar i denne prosessen.

### **Trusopplæring**

Vi vil oppmode soknerådet til å ha eit kontinuerleg fokus på trusopplæring, slik at arbeidet vert forankra, ikkje berre i stab og sokneråd, men og elles i kyrkjelyden. For at arbeidet skal vere berekraftig over tid, både for dei tilsette og for alle dei frivillige som er med, er det viktig at soknerådet aktivt bidreg til ei tydeleg prioritering.

### **Ungdomsarbeid**

Vi vil oppmode soknerådet til å støtte ungdomsveileder i arbeidet med å byggje eit slitesterkt ungdomsarbeid med både bredde og dybde. Her er det ei særskilt utfordring å drive leiartrening, slik at ungdomane kan skjelne mellom sunn og usunn påverknad.

### **Skule-kyrkje**

Vi vil rå til at det vert etablert årlege faste møter der representantar for kyrkje, skule og kommuneadministrasjon kan møtast og fortsetje den gode dialogen vi hadde denne veka. Kyrkje og lokalsamfunn treng å arbeida saman her, for å oppøva til identitet og dialog. Frå bispedømmet si side vil det vere aktuelt å tilby Stavanger Kirkelige Dialogsenter inn, særleg med tanke på integrering lokalt.

### **Gudsteneste**

Vi vil oppmode til å arbeide vidare med form og innhald på familiegudstenestene, som er avgjerande for den opne folkekyrkjeprofilen.

### **Kyrkjemusikalsk plan**

Vi vil oppmode soknerådet, i samarbeid med kantor å starte arbeidet med å utvikle ein plan for kyrkjemusikk.

## **Grøn kyrkjelyd**

Vi vil utfordre kyrkjelyden til å ta «Grøn kyrkjelyd» inn i sin diakonale satsing, i samarbeid med aktuelle lokale krefter.